

# Årsmelding 2025

for Vaksdal sokn



Kyrkjemuren er pynta og klar for sommarfest

Overgangen mellom 2024 og 2025 var ein god del annleis i soknet vårt enn det som har vore vanleg dei siste åra. Ein sokneprest takka for seg og ein ny kom til oss. Edvard Bø gav stafettpinnen vidare til Fredrik Hope. Både avskil og velkomst vart feira med gode ord og gode ønskje for dei begge.

Når det gjeld soknerådet sitt ansvar, går likevel arbeidet sin faste gang. Møteverksemd, planarbeid, økonomi og ulike aktivitetar følger året og årstidene.

Frå 2025 kan vi peika på noko av det som har skjedd:

- Superonsdagane held fram – annankvar onsdag samlingar for born frå 0 til 13 år, fordelt på tre ulike tiltak
- Juleverkstaden og juletreffesten vart gjennomførte i tradisjonell stil
- Besøk frå fredslandsbyen Kuron i Sør Sudan
- Undervisningskveld i mai
- Nynorsk salmekveld i november, markering av Nynorsk salmebok 100 år
- Måndagskaffi i konfirmantrommet
- Sommarfest på kyrkjeplassen

Soknerådet er glade for alle som bidreg på ulikt vis og med ulike oppgåver. Det er godt å kjenna på at ein er ein del av eit arbeidslag!

Men sjølv om mange er villige til å stilla opp, ser ein litt for ofte at det er godt med plass i benkane under gudstenestene. Eit ønske for tida som ligg framfor oss, er at enno fleire kan vera med og fylle kyrkja og ta del i fellesskapen og gudstenestefeiringa. Korleis få til det, er ei utfordring og eit bønneemne. Vi er heldige som har ei flott kyrkje, eit hus som er ei verdig ramme om både glede og sorg. Lat oss håpa at alle i bygda vår kan kjenna at dette er ein plass dei høyrer til.

For Vaksdal sokneråd februar 2026  
Tove Margrete Nordmark, leiar

## **Vaksdal sokneråd 2025**

|                                    |                                 |
|------------------------------------|---------------------------------|
| Leiar                              | Tove Margrete Nordmark          |
| Nestleiar                          | Grete Loftheim Dale             |
| Medlem og sekretær                 | Siv Torlaug Hisdal              |
| Medlem                             | Tormod Amundsen                 |
| Medlem og representant i fellesråd | Heidi Rongved                   |
| Medlem og vara repr. fellesrådet   | Per Nordmark                    |
| Sokneprest                         | Fredrik Hope/vikar Roar Strømme |
| Varamedlem og kasserar             | Oddvar Dale                     |
| Varamedlem                         | Anders Boge                     |
| Varamedlem                         | Truls Langhelle                 |
| Varamedlem                         | Svein Hovlandsdal               |

## **Andre verv**

|                                        |                     |
|----------------------------------------|---------------------|
| Revisor                                | Trygve Boge         |
| Kontaktperson Kirkens nødhjelp         | Per Nordmark        |
| Leiar i Vaksdal barnelags juleverkstad | Martha Bjørsvik     |
| Leiar i Vaksdal søndagsskule           | Maria Strand Helle  |
| Trusopplæringsutvalet                  | Grete Loftheim Dale |

## **Tilsette i Vaksdal kyrkjelege fellesrådsområde 2025**

|                                 |                                  |
|---------------------------------|----------------------------------|
| Sokneprest                      | Fredrik Hope (sjukmeld frå juli) |
| Sokneprest                      | Frode Kvamsøe                    |
| Vikarprest                      | Roar Strømme                     |
| Kantor                          | Ruben Sverre Gjertsen            |
| Organist                        | Frode Raymond Vik                |
| Kyrkjetenar / vaktmeister       | Ottar Dalseid                    |
| Kyrkjetenarvikar                | Lisbeth Skorpen                  |
| Trusopplærar og konfirmantlærar | Kristin Straume Normann          |

## **Andre frivillige medarbeidarar**

I tillegg til soknerådet har mange medarbeidarar stilt opp og gjort ein verdfull innsats både ved gudstenester og andre arrangement, mellom anna som vakter, kjøkenhjelp, konfirmantarbeid, juleverkstad, ulike praktiske oppgåver og til å styre Power Point under gudstenester. Til sommarfesten for dei frivillige var om lag 50 inviterte.

Soknerådet seier takk til alle frivillige og håpar at vi kan rekne med dykk vidare!

## Møteverksemd

- Vaksdal sokneråd har hatt 9 møte i 2025, eit av desse med strategimøte i samarbeid med Vaksdal bedehus.
- Årsmøtet/ soknemøtet vart avvikla 23. mars.
- Rådet har på alle møta vore vedtaksført. Soknerådet handsama 81 saker.
- 25. mars - felles møte for alle sokneråda på Dale. Her vart det gitt ein god del informasjon og alle sokneråda fekk høve til å møta dei tilsette einskildvis for å drøfta saker som gjaldt soknet.

## Årsmøtet vart halde 23.03.2025 etter gudstenesta kl. 11.00.

16 deltakarar

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram for deltakarane

Under drøftingane vart mellom anna dette trekt fram

- Fredrik Hope presenterte saker:
  - Salmebok eller salmar på skjerm?
  - Kva med å få vite på førehand kva salmar som skal nyttast i gudstenesta?
  - Samling for frivillige i soknet med gjennomgang av oppgåver og fordeling av desse, inkludert konsert 14/6: «Blues i Guds hus».
  - Måltidsfellesskap etter gudstener?
- Informasjon om Vipps-nummer ved inngongen til kyrkja. Fornye plakatar? Der er bøsser på veggene ved døra inn til kyrkjeskipet.
- Per Nordmark: Fasteaksjonen: God oppslutning i soknet.
- Åshild Rene kommenterer det positive med skilt som kyrkjevertane kan bera. Lite lys på galleriet gjer det vanskeleg å syngja frå galleriet. Soknerådet melder frå til kyrkjevevja.
- Per Nordmark: Oppslutning i kyrkja. Yngre menneske?

## Aktuelle saker i løpet av året

- Prestesituasjonen



- Sokneprest Edvard Bø vart pensjonist frå årsskiftet 2024/2025. Han vart høgtideleg takka av i gudsteneste i Vaksdal kyrkje og på fest i Bedehuset etterpå. Etter 24 år i soknet hadde Edvard sett spor etter seg og det var mange som nytta høvet til å takka for den innsatsen han har gjort her.



○ Vaksdal sokn sin nye sokneprest tok til i stillinga 1.januar. Fredrik Hope er sokneprest for Stamnes og Vaksdal og vigslingsgudstenesta 26. januar vart lagt til Stamnes kyrkje. Det var ei flott og høgtideleg handling, med biskop Ragnhild Jepsen, prost Arild Hellesøy og fleire prestar til stades. Det er stor glede over å ha fått på plass ein ny sokneprest.

○ Etter ei tid vart diverre Fredrik Hope sjukmeld. Det kom raskt på plass ein god og erfaren vikar. Siste halvåret av 2025 har Roar Strømme vore vikarprest med ansvar for både Stamnes og Vaksdal sokn.

- Misjon: Avtalen mellom HimalParter og Vaksdal sokn er gått ut. I staden for denne avtalen har soknerådet vedteke å støtta eit fredsprosjekt i Sør Sudan, Holy Trinity Peace Village Kuron. Dette arbeidet fekk 3 ofringar dette året. Det er og teke med ein lekk i forbøna i gudstenestene: «Me takkar og ber for fredsbyen Kuron i Sør-Sudan. Verna dei som bur der og styrk dei i tenesta. Lat dette vere ein stad for fred og forsoning, tru og håp.»
- I slutten av september fekk vi besøk frå fredslandsbyen Kuron. Direktøren for prosjektet kom saman med styreleiaren til Bergen for ta del i møte med representantar for gjevarar i fleire land. 26. september var det møte i Vaksdal kyrkje. Dei fortalde om arbeidet og situasjonen i Kuron. Det var høve til spørsmål og samtalar under kveldsmaten etterpå.



## Statistikk for Vaksdal sokn 2025

|                                 | 2019 | 2020    | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---------------------------------|------|---------|------|------|------|------|------|
| Forordna gudstenester           | 28   | 19      | 18   | 20   | 22   | 21   | 22   |
| Andre gudstenester              |      | 5       | 6    | 6    | 5    | 1    | 2    |
| Gudstenester Vaksdal sjukeh.    | 7    | 1       | 0    | 0    | 0    | 0    | 0    |
| Totalt                          | 37   | 24      | 24   | 26   | 27   | 22   | 24   |
| Av disse                        |      |         |      |      |      |      |      |
| Gudsteneste med nattverd        | 25   | 13      | 12   | 12   | 18   | 14   | 14   |
| Tilrettelagt for born og ungdom | 3    | 1       | 1    | 4    | 6    | 5    | 5    |
| Tilrettelagt for ungdom         | 6    | 1       | 3    | 2    |      | 3    |      |
| Lovsongsgudst.                  | 1    | 0       | 0    | 0    | 0    | 0    | 0    |
| Open kyrkje                     |      |         | 1    | 0    | 0    | 0    | 0    |
| Musikkandakter/konserter        | 9    | 4 digit | 3    | 4    | 7    | 5    | 8*   |
| Deltakarar (utanom gravf.)      | 1859 | 727     | 873  | 1214 | 1324 | 1337 | 1100 |
| Nattverdsgjester totalt         |      | 226     | 234  | 235  | 375  | 329  | 383  |
| Døypte                          | 10   | 5       | 4    | 7    | 6    | 5    | 4    |
| Konfirmerte                     | 15   | 16      | 10   | 16   | 16   | 18   | 6    |
| Vigsler                         | 0    | 0       | 1    | 1    | 0    | 2    | 2    |
| Gravferder                      | 12   | 13      | 16   | 21   | 8    | 16   | 7    |
| Andakter Vaksdal sjukeh.        |      | 23      | 42   | 50   | 40   | 45   | 45   |
| Utmelde                         |      |         |      | 0    | 1    | 4    | 1    |
| Innmelde                        |      |         |      | 1    | 0    | 1    | 0    |

\* 6 konserter og musikkandakter i eigen regi og i tillegg 2 konserter i regi av andre

### **Fitjervasstemnet 1. juni 2025**

I 2025 var det Vaksdal som hadde ansvaret for dette. På grunn av dårleg vêrmelding, vart gudstenesta også denne gongen flytta til Haga kyrkje. Fredrik Hope leia gudsteneste og det var deltakarar frå fleire av sokna i Vaksdal til stades.

**Minnegudsteneste** vart halde i Dale kyrkje for Vaksdal, Dale og Bergsdalen sokn 2. november, helgemessesøndag.

**Skulegudsteneste 16. desember** var eit godt samarbeid mellom kyrkja og skulen. Flinke elevar bidrog på ulikt vis.



**Midnattsmesse i Vaksdal kyrkje nyårsaftan** kl. 23.00 samla 20 deltakarar.

### **Power Point eller salmebøker?**

Det har vore ein diskusjon om kva som høver best og er greiast å nytta. No er det utarbeidd eit liturgiark for hovudgudstenesta i Vaksdal kyrkje. Dette er greitt å bruka både for dei som kjenner kyrkja og gudstenesta her godt, men også ei god hjelp dersom nokon kan kjenna seg usikker på korleis gudstenesta gjennomførast.



## Diakoni

### Måndagstreff i konfirmantrommet

I 2025 var det 35 samlingar og til saman 487 deltakarar. Dei fleste samlingane har enkel servering med kaffi/ te og noko å bita i samt sosial prat. Men av og til er det litt ekstra program:

- 20. januar – julekake-restefest
- 26. mai hadde vi fokus på sommarsongar og kantor Ruben var med oss.
- 24. november markerte vi ferdigstilling av arbeidet med trappeoppgangen til galleriet, med høgtideleg klipping av snor og stor kake.
- 16. desember starta vi med ei enkel samling i kyrkjerommet, med musikk av kantor Ruben, lystenning, tekstlesingar og salmesongsong.



Erna Tolaas klippte snora og fekk æra av å opne kaka

Om lag ein gong i månaden får vi besøk av ei gruppe frå eit dagsenter i Os. Det er til glede for begge partar.

### Kyrkjekaffi

etter dei fleste gudstenestene.

Konfirmantrommet er godt eigna til slike samlingar.



### Juletefest

I 2025 vart den tradisjonelle juletefesten på Vaksdal bedehus arrangert igjen, også denne gongen som eit samarbeid mellom indremisjonen og soknerådet. Julesongar, gang rundt juletreet og julespel var faste og kjente innslag. Om lag 65 deltakarar og tre ringar rundt juletreet.



Trufaste kjøkenhjelparar Margrete Jamne, Martha Bjørsvik og Olaug Boge


## Sommarfest

14. juni inviterte soknerådet til sommarfest på kyrkjeplassen. Om lag 35 deltakarar koste seg ute i finvêret. Sokneprest Fredrik og soknerådsleiar Tove Margrete leda samtale om oppgåver som vert utførte og nokre utfordringar vi ser føre oss.

Etter ei rask høgttenking om oppgåver som vert utført av frivillige, kom vi fram til minst 40 ulike oppgåver!

Soknerådet stod for grilling og servering. Vi hadde fått lånt eit stort partytelt og eit bord frå kyrkjekontoret. Det var god stemning og god prat.

Seinare på kvelden var det open konsert i kyrkja ved trubadur Ole-Johnny Borgersen.



## 50- og 60 års konfirmantfest 5. oktober

Påmeldingane kom svært seint og det var lenge usikkert om det var nok påmeldte til at festen kunne gjennomførast. Neste år bør ein undersøke i god tid på førehand om det er stor nok interesse.

Men festen vart gjennomført i kjent stil, enkelt program – og god tid til prat og mimring 😊 Til saman 13 godt nøgde deltakarar.

## Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp 8.april

Denne ble også i 2025 gjennomført fysisk ved bøsseinnsamling. Det var ein flott innsats av konfirmantane. Saman med andre frivillige var konfirmantane og føresette med og køyrde og gjekk som bøsseberarar.

I Vaksdal sokn samla vi inn til saman kr. 21.640. Av dette kom kr. 6.899 inn ved bøsseinnsamling, kr. 12.900 via vipps og kr. 1.841 var anonyme gåver.

| Årstal   | 2020   | 2021  | 2022   | 2023   | 2024   | 2025  |
|----------|--------|-------|--------|--------|--------|-------|
| Resultat | 17.506 | 9.434 | 26.805 | 27.459 | 28.270 | 21640 |

## Undervisning

### Ordet og Bordet – «liturgi for folk flest»



20. mai heldt Fredrik Hope den første av to undervisningsbolkar om liturgien i kyrkja. Deltakarane fekk vita meir om bakgrunnen for den liturgien vi nyttar og ta del i eit måltidsfellesskap i konfirmantrommet.

## Kyrkjemusikalsk verksemd

### Konsertar og musikkandaktar i Vaksdal kyrkje

- 15. desember: Musikkandakt i høve siste måndagstreff i 2025.
- 14. desember: Stress ned-konsert med Rakkadeis. Tilhøyrarane fekk glede av varme og dels kjende tonar m.a. frå solist Sunniva Boge.
- 6. desember: adventskonsert med Kilden, Kordial, kantor Ruben Gjertsen og adventstankar v/ Truls Langhelle;
- 12. november: Nynorsk salmekveld v/kåsør og vikarprest Roar Strømme, kantor Ruben Gjertsen og solist Ingvill M. Holter.
- 2. november: Haustkonsert med Vaksdal musikklag. Solistar: Trine Duesund Straume m/ Ivar Thormodssæter på trommer og Ask Viste på bass.
- 14. juni: Sommarfest med «Blues i Guds hus» v/ trubadur og gatemusikant Ole-Johnny Borgersen
- 8. juni: Orgelresitasjon v/Ruben Gjertsen. Pinsemusikk av Nicolas de Grigny og J.S. Bach
- 18. april - Langfredag: Orgelresitasjon v/ Ruben Gjertsen. Musikk av J. S. Bach
- 4. mai – konfirmasjonsgudsteneste: Fleire deltok under leiing av Ruben Gjertsen – fløytist Øystein Haga og songar Eirik Straume Normann.
- På julaftan spelte ein dyktig, ung orgelelev, Simon Eman. For rekrutteringa til kyrkjemusikkstillingane er det viktig at dei unge får sleppa til

### Koret Kilden

øver i Vaksdal kyrkje. Dei har medlemer frå fleire sokn og deltar på gudstenester, konsertar m.m. i heile kommunen. T.d. avskilsgudstenesta for Edvard Bø (Vaksdal kyrkje) og vigslingsgudstenesta for Fredrik Hope i Stamnes kyrkje).

## Trusopplæring / arbeid for born

Trusopplæraren leverer eiga årsmelding, men vi vil gjerne peika på det allsidige arbeidet som vert gjort i Vaksdal. Nokre av desse tilboda gjeld heile kommunen og nokre er særleg berekna på born som høyrer til Vaksdal sokn.

- «Superonsdag» gjev tilbod til born i alderen 0-13 år. Annakvar veke har det vore det baby- og småbornssong, knøttesong og etter skuletid Vaksdal kyrkje
- Det vart delt ut bøker til 4-åringar og nytestamente til 10 åringar i ei familiegudsteneste.
- 6-åringane var særskilt inviterte til å vera med på juleverkstaden



- Påska blei Knøttesong i Vaksdal kyrkje innleia med

Borna sin påskedag, for både born og vaksne i Vaksdal og Eksingedalen kyrkjer, der sjuåringar var spesielt inviterte, og alle som ville fekk laga seg sommarfuglar eller påskeegg etterpå, og fekk gå på påskeegg-jakt.

Borna sin påskedag



Istårn til tårnagentane

- Tårnagenthelg for 8-åringar frå fleire stader i kommunen med tårnagentgudsteneste søndagen i Vaksdal kyrkje.

- «Lys vaken» var i Dale kyrkje for 11-åringar frå heile kommunen.
- Dåpsborna mottek dåpsboka «Dåpen», dåpslys, dåpsklut og pakke med materiell til trusopplæring.

Fadderhelsingar vert og delt ut.

- Barnelaget sin juleverkstad vart gjennomført i kjent stil 29. november. 20 born og 8 leiarar koste seg, saman med ein del besteforeldre og foreldre som var med.

- Vaksdal søndagsskule (organisert under Søndagsskolen Norge) har samlingar under indremisjonen sine storsamlingar i Vaksdal bedehus.
- Generasjonssong på Jamnetunet ein gong i månaden. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja og frivilligsentralen.

## **Konfirmantarbeid**

Trusopplærar Kristin har vore i konfirmantarbeidet i 20% stilling.

### **Konfirmantane av 2024/2025 kullet**

6 konfirmantar vart konfirmerte 4. mai 2025.

- 6.april: Ung messe i Dale kyrkje med kickoff til fasteaksjonen
- 8. april: Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens nødhjelp. Konfirmantane m/ foreldre var med som bøsseberarar
- 29.april: Kappeprøving kl. 17.00. Deretter tur med veteranbilar til Dale. Møte med føresette kl. 19.
- 4. mai: Konfirmasjonsgudsteneste

### **Konfirmantar av 2025/ 2026 kullet er 9 stk.**

- 24. august konfirmantpresentasjon
- Dei hadde langdag med Ung messe i Vaksdal bedehus og kyrkje laurdag 20. september
- 29.november var dei som ville på fotballcup i Haukelandshallen
- 30. november deltok dei på lysmessa.
- Konfirmantane laga julekort til eldre over 85 år.
- Undervisninga har vore lagt til Dale kyrkje rett etter skuletid og på planleggingsdagar, der dei har vore delt inn i to ulike grupper på 17 konfirmantar kvar, saman med konfirmantar frå dei andre bygdene.
- Konfirmantundervisninga nyttar eit lokalt utarbeida opplegg som tek utgangspunkt i gangen og punkta i ei gudsteneste, og innbyr til deltaking og undring

## Kyrkja – vedlikehald

Det er kyrkjeleg fellesråd som har ansvaret for vedlikehald av kyrkjebygget og kyrkjerommet. Fellesrådet er avhengig av løyvingar frå kommunen for å gjera det som trengs og det er vanskeleg å få midlane til å strekka til. Difor er samarbeidet mellom soknerådet og fellesrådet viktig. Soknerådet kan bidra med ønske om prioriteringar og også utføra ein del arbeid på dugnadsbasis. Vaktmeister gjer ein del vedlikehald etter kvart, men det er framleis store behov og her vil soknerådet peika på noko av det som det bør gjerast noko med:

- Kyrkja har eit høgt forbruk av straum.
- Der er framleis utfordringar i kyrkja knytt til universell utforming.
- Parkeringsplassen er holete og treng reparasjon/asfaltering. Dette er meldt både munnleg og skriftleg til kommunen frå soknerådet.
- Alarmpanelet er slitt og vanskeleg å bruka
- Løparen i midtgangen står framleis på ønskelista.

### **Dette er utført på dugnad i 2025**

- Den største oppgåva i 2025 var å sikre trappa opp til galleriet. Det vart montert rekkverk som gjer det tryggare å gå i trappa.
- Samstundes vart veggene i trappeoppgangen pussa og måla
- Ein annan stor jobb var å oppgradera konfirmantrommet. Det vart sydd både nye trekk til sofabenkane, nye puter og nye gardiner.
- Reparasjon av pidestallar
- Ombering av kyrkjebladet
- Dører vart olja og murveggar pussa og flikka på med maling
- Ein trufast medarbeidar syr vakre dåpsklutar og syter for at det alltid er nok
- I tillegg til dette er det utført andre mindre dugnadsoppgåver, m.a. lusing rundt kyrkja og planting og stell av blomar og lyng ved hovudinngangen.
- Samla tal dugnadstimar 2025: 121 timar.

## Frå dugnadsarbeidet



Konfirmantrommet med nye trekk på benkane og nye gardiner og brikker til borda



Oddvar Dale og Per Nordmark monterer rekkverk og pussar og målar veggene i oppgangen.

Og Erna Tolaas, det første dåpsbarnet i Vaksdal kyrkje, klipper snora.

## Økonomi

Dette er eit kort oversyn over økonomien i 2025. Fullstendig rekneskap ligg ved årsmeldinga.

| Kort oversyn økonomi                                            | 2025      | 2024      |
|-----------------------------------------------------------------|-----------|-----------|
| Inntekter totalt                                                | 74 163,00 | 79 217,85 |
| Kostnader                                                       | 76 327,59 | 74 176,02 |
| Resultat (negativt tal betyr underskot)                         | -2 164,59 | 5 041,83  |
| Eigenkapital 01.01.2025 og 01.01.2024                           | 29936,47  | 24894,64  |
| Resultat (negativt tal betyr underskot)                         | -2 164,59 | 5 041,83  |
| Eigenkapital 31.12.2024 og 31.12.2023                           | 27771,88  | 29936,47  |
| Ofring i gudstenester (kyrkjelydsarbeid og eksterne mottakarar) | 54 297,00 | 53 120,00 |
| Kollekt kyrkjemusikalsk arbeid                                  | 3 800,00  | 6 999,00  |
| Fasteaksjon Kirkens nødhjelp (motteke lokalt)                   | 6 899,00  | 9 536,00  |
| Gåver under juletefesten                                        | 2 100,00  | 800,00    |
| Om lag 90% av innbetalingene skjer no v.h.a Vipps               |           |           |